



Stig Ronny Tveiten
Dalsvegen 291

3890 Vinje

Delegert sak nr. 16/20

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2016/522	4856/2016	17/1	26.02.2016

Vedtak - Søknad om kommunalt tilskot til landbruksforemål - driftsbygning på gnr. 17/1

Dokument i saka:

Søknad om kommunalt tilskot, datert 21.2.2016
Teikningar, kostnadsoverslag, driftsplan og likningsoppgåver

Bakgrunn:

Stig Ronny Tveiten på Berge gnr. 17/1 søker om kommunalt tilskot i samband med ombygging og utviding av driftsbygging til ammekudrift (15 årskyr) på eigedomen. Kostnadsoverslag er på kr 1 370 000,-.

Søker kjøpte garden hausten 2013. Våningshuset var mykje påkosta, medan driftsbygning og resten av driftsapparatet på Berge ikkje har vore oppgradert på mange år. Tveiten fikk den 14.4.2014 kr 140 000,- i generasjonsskiftetilskot frå Innovasjon Norge (sak 20.1.14) for i å få på plass grunnleggjande funksjoner som gjerde, vatn, straum og tilkomst på garden. Det står no att mindre delar av dette arbeidet. Mellombels planar og teikningar for vidare utbygging var tema i denne prosessen. Tilsvarende søknad er sendt Innovasjon Norge

Opphavleg var det drift med sauehald som var planlagt på garden. Denne delen av kommunen (Vingeråsheia, Lidgrend, Berdal, Nesland, Mannås) har gjennom mange år vore sterkt usett for rovdyrangrep på sau, med det resultat at det i dag ikkje er sauedrift på nokon eigedom i desse grendane. Ein har derfor endra planer - og ynksjer no å bygge for ammekyr.

Byggteknisk rådgjevar Tangen frå Norsk Landbruksrådgjeving har vore på staden og prosjektert ombygginga. Søker har og fått tilskot frå «Fjellandbruket» til prosjektering av

driftsbygning for ammekyr. Søkjer har og fått løyvd SMIL-tilskot til rydding av gammalt og attgrodd kulturlandskap på egedomen.

Vi vurderer søkjer som godt kompetent og motivert til en utbygging og drift som dette. Søkjer har vakse opp i ein familie med gardsbruk i Vinje, som og sit inne med mykje erfaring innan entreprenør- og ingeniørverksemd. Ektefelle kjem og frå gard der det i dag er ammekuproduksjon. Tveiten har god inntekter utanom bruket - som det i driftsplanen er påpekt er naudsynt dei første årene for å kome i gang.

Egedomen har avgrensa jordbruksressursar, men det er tilgjengeleg leigeareal i rimeleg avstand frå egedomen. Det er svært få gardsbruk i kommunen har naudsynt areal på eige egedom for moderne husdyrdrift – å basere seg på leigd areal er det normale. Ein ser heller at det er dei menneskjelege ressursane på garden som er avgjerande for om ein drift vil vere berekraftig økonomisk sett.

Søknaden er i tråd med kommune- og landbruksplanen for Vinje kommune, der pleie av kulturlandskap og stimulering av storfehald er ein del av målsetjinga. I Vinje er beiting av storfe er sett på som viktig for å halde oppe kulturlandskapet der marginalt jordbruksareal er i ferd med å gå ut av produksjon. Det gjeld ikkje minst for den grenda denne søknaden gjeld.

Det er positivt at unge familiar vel å overta og busette seg egedomar som dette, og ikkje minst at dei ønskjer å få i gang drift og få rydda opp i attgrodde beite i ei grend med verdi-fullt kulturlandskap. Søknaden er i tråd med regelverk for kommunale tilskot til landbruksføremål, og ein vil gje tilsegn om eit kommunalt tilskot på 20 % av kostnadsoverslag - kr 274 000,-.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev Stig Ronny Tveiten – i medhald av kommunalt regelverk for tilskot til landbruksføremål - tilsegn om kommunalt tilskot på kr 274 000,- til driftsbygning for ammekyr på gnr. 17/1. Det blir sett følgjande vilkår:

1. Arbeidsfrist 31.12.2018
2. Prosjektet skal vere fullfinansiert før bygging
3. Det er søkjer sitt ansvar at bygging og drift blir gjort i tråd med gjeldane lover og reglar.
4. Sluttutbetaling skjer ved synfaring og dokumentasjon av kostnader
5. Søkjer må gje skriftleg aksept av vilkår for tilskotet, jf. vedlagt skjema.

Med helsing

Toril Nicolaisen
næringsjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.